








## Vågå prestegard – Ullinsvin.

Vågå prestegard har gnr. 66, og var tidlegare ein stor gard med mange husmannsplassar. Namnet Ullinsvin syner at garden er rydda så tidleg som i eldre jernalder. Ullins- er tolka som eit gudenamn, etter guden Ullin eller eige form av gudenamnet Ullr. Dette syner at prestegarden var eit religiøst senter også i førkristen tid. Garden er nemnt i eit dokument frå 1354.

Dagens gardsanlegg består av eit tun med 10 freda bygningar som går attende til 1600-talet. Eitt hus vart kjøpt opp av Anders Sandvik og flytta til Maihaugen (Gammelbygningen). Tidlegare fjøs vart rive for nytt fjøs i 1927/28, som stod til 1960, da det vart rive. I prestegarden var mange fleire hus før, m.a. grisehus og sauefjøs. Ullinsvin var tidlegare eigd av Opplysningsvesenets fond, husa er nå eigd av Vågå historielag.

1		Hovudbygningen – bygt i 1712 eller 1713 (prest Wilhelm Dopp). Større restaurering i 1745, da grunnmuren var delvis utrasa. Kostnad 110 riksdalar (prest Johan Storm). I 1777 vart huset tatt ned og sett opp på nytt. Dei gamle tømmerovene vart hogge av, og nye lafter vart gjort innafor. Huset vart dermed mindre. Kostnad 800-1000 riksdalar (prest Peter Munch). Huset vart bygt berre om lag 20 år etter det førre, og har truleg samanheng med at det vart moderne med to etasjar! Huset har skifertekt saltak. Ullinsvin var prestebustad fram til 1981, da det vart kjøpt eit hus i sentrum for prestefamilien. Husflidslaget nyttar huset til kurs og møte.
2		Studeren – frå 1600-talet, ein gammal fløybygning som stod som tilbygg til gammelbygningen, og vart flytta litt og ombygt da gammelbygningen vart seld. Huset har to etasjer. Var brukt til undervisning av tidlegare prestar. Denne er nytta av Vågå husflidslag til utstilling og sal om sommaren.
3		Stabbur, truleg frå tidleg 1700-tal. Flytta frå litt nærmare vegen/innkjøringa enn der forpaktarhuset ligg, og til nåverande plassering i 1929. Matklokka frå 1851 har denne inskripsjonen: <i>Som erstatning til Vaage prestegaard for avgivet jord til kirkegaardens utvidelse, er denne klokke tilsatt ti lodd sølv etter prest Selmers og vedkommendes samtykke bekostet av Haakenstads Magazin.</i> Nytt til oppbevaring av mat og korn/mjøl.
4		Aurbu – 1 rom, var nytta som «kjøleskap». Er i dag nytta til oppbevaring av trebuttar.
5		Eldhus – har to rom, peis, takke og bakaromn. Steinheller på golvet. Var nytta til takkebakst, såpekoking m.m.
6		Lysthuset – «Markus Fredrik Bang Wangs Minde», bygt i 1810 og måla i 1820. Har dikt på døra.
7		Forpaktarbustaden er frå 1929, og erstatta tidlegare drengjestugu som stod på kanten mot hagen. Huset har skifertekke. Har tidlegare vore utleigd til bolig. I dag er første etasjen nytta som kafé – Kafé Edvard.
8		Vognskjul – med gammal lås, nå nytta som lager.

9		Utedo – er også freda.
1 0		Vedskåle – delar av den er nå lager for utstyr til hagegruppa, andre delen har fått golv og er nytta m.a. til utstillingar.
1 1		Låve – flytta frå Gammel-Sandbu i Sel i 1989-1990. Er nytta til utstillingar. Låvetrevet er nytta til utstilling av gammal gardsreiskap mm. – frå Vågå historielag.
1 2		Fjøs – flytta frå seter til Sandbu Nigard gnr 15.1 i Randsverk i 1989-1990. Fjøset er nytta til utstillingar, det same er fjøstrevet (2. etg)
1 3		Galleri Ullinsvin opna i 2019. Under galleriet er arkiv og magasin for Gudbrandsdalsmusea. Fleire kjente kunstnarar har hatt utstilling her sidan opninga. (Bleken, Killi-Olsen, Oppdal m.fl.) Attåt galleriet er det toalettanlegg.
1 4		Kastbu – lagerhus for korn, står utanfor gjerdet.
1 5		Kommunen eig kontor til Gudbrandsdalsmusea med Norddalsarkiv og Folkemusikkarkiv, samt kontor til Norsk kulturarv i underetasjen av låven.



**Prestegardshagen** –Den er ein del av Vågå Historielag med eige delstyre og eige budsjett. Formålet med å gjenskape prestegardshagen i Vågå er å finne fram kulturverdiar som ar vore skapt av forskjellige prestefamiliar gjennom fleire hundre år, slik at denne kulturhistoria kan formidlast vidare inn i framtida. Arbeidet starta i 2012. Unn og Birger Bostad har vore primus motor i etableringa. Hagen har ca 30 frivillige som er delt inn i grupper som har ansvar kvar sine veker. Hagen er delt i fire område, fjellhagen (til minne om Resvoldsøstrene), rosehagen, staudebedet og urtehagen. I hagen står også to statuar, av Edvard Munch og Ole Bull.

**Hus som er flytta frå prestegarden er fleire, det mest kjente er gammelbygningen:**



Bygt 1697-1698 for sokneprest Fridrich Grüner. Han var inspirert av grev Ulrik Fredrik Gyldenløves herregard i Larvik. Kona til Grüner var niesa til Gyldenløve. Denne var hovudbygning og prestebustad berre nokre år, og attåt dette huset stod Studeren på eine sida og Gullbrandskammeret på andre sida (rive). Huset stod om lag der stabburet og studeren står i dag, bilde av dette i gangen i dagens hovudbygning.

Huset vart flytta til Maihaugen i 1903-1904